

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	29/2023	Arkiv nr.:	613.1	Møtedato:	07.09.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Småviltjakta 2023. Forslag om freding for jakt etter li- og fjellrype.

Sakspapir:


- Resultat for lirypetaksering 2001-2022.

### Saksutgreiing:

Taksering av lirypebestanden er gjennomført i Veodalen, Sålell og på Leiråsen. Fjellstyret gjennomfører ei enkel linjetaksering med hund for å få eit estimat på årets produksjon og bestand. Vi utfører ikkje ei fullverdig linjetaksering med etterfylgjande databehandling slik at vi får fram produksjonstal pr. arealeining, men vi har fastlagt sju linjer som vi freistar å gå kvart år. Av ymse årsaker blir det variasjon i tal takserte km, blant anna for at det tidvis er umogleg å taksere enkelte av linene på grunn av beitedyr, eller at vi rett og slett har mangla mannskap. I år har det vore særskilt utfordrande værforhold, og uheldige omstendighetar elles, som har ført til at det berre er gått til saman 39km. Dette er om lag halvparten av normalen, og gjev høg usikkerheit.

Med bakgrunn i ulikt takseringsmengd er talet for totalt registrerte individ ikkje direkte samanliknbare år for år. Vi får eit brukbart anslag for forholdstalet mellom kjuklingar og vaksen fugl. I tillegg nyttar vi egne observasjonar, observasjonar frå reinsgjetarane, fegjetarene og andre som ferdast i fjellet for å få eit anslag på bestanden. Figur 1. syner tal observerte fugl totalt og tal kjuklingar for dei siste 20 åra. Som det går fram er totale observasjonar det lågaste dei siste 22 åra, men ein må presisere at takserte km i år er berre om lag halvparten av gjennomsnittet for perioden. Tal kjuklingar i forhold til total er på 64%, over middels mot perioden, men med så få observasjonar er det i år spesielt stor usikkerheit ved dette talet.

Figur 1:



## Møtebok – Lom fjellstyre

### Vurdering:

Takseringslinjene våre ligg i det som er rekna for å være dei beste habitata for lirype, dei tek i mindre grad høgde for å dekkje ulike høgdegradientar og ulike terrengtyper. Dette gjev eit resultat med usikkerheit, det kan til dømes være klimatiske forhold eller andre variablar som kan påverke rypa sitt val av tilhalds- og leveområde slik at den held til utanfor området som blir taksert. Dette i saman med at vi ikkje nyttar «distance sampling» (ei analysemetode og kjent som avstandsmetodikk), gjer at resultatet er sårbart for ulike variablar, til dømes kvalitet på hundearbeid, vær, vitring eller andre forhold som påverkar takseringsarbeidet.

Likevel er det ikkje til å kome frå at vi i år har svært få observasjonar og samla sett eit resultat som tyder på eit lirypeår som er svært magert. Tal observasjonar er 1/3 del av snittet dei siste 23 åra, 1/10 av toppåret 2003 og det dårlegaste for perioden sett under eitt. Sjølv om ein legg til høg usikkerheit, får vi framleis eit dårleg år. Inntrykket er til dels støtta av observasjonar som oppsynet, tamreingjeterar og andre har gjort i sommar, der anslaga varierer mellom middels og dårleg.

For fjellrype blir det ikkje utført taksering, men fjelloppsynet har hatt jamnlege observasjonar av fjellrupe siste månaden, der storleiken på kulla har variert frå 3-11 kjuklingar. Av erfaring veit vi at tal observasjonar vi gjer gjennom sommarsesongen sjeldan korrelerer med den faktiske situasjon, og det må forventast ei viss usikkerheit knytt til dette. Rapportar frå andre om fjellrype er varierende, enkelte har sett noko meir enn i fjor, andre mindre.

Fjellstyret har dei siste åra hatt ei regulering av tal jaktkort tilgjengeleg for utanbygdes jegerar, der ei avgrensing på 50 kort for jakt u/ hund og 20 kort for jakt med hund pr. 5 dagars periode i tidsrommet 15-30. september. Dette har hatt stor innverknad på jaktrykket og er kanskje den viktigaste reguleringa vi gjer for å redusere uttaket. I år er jaktkortsalget sett på vent til etter taksering, og ein har slik sett høve til å innføre enda strengare reguleringar.

Småviltbestanden har store naturlege svingingar og Lom Fjellstyre har store refugieområde som det sjeldan eller aldri blir jakta på. Dette gjeld i enda større grad for fjellrype, der store delar av områda ligg utilgjengeleg til. I kor stor grad jakta påverkar bestandane er omdiskutert og faktorar som predasjon, vær, klima og sjukdom har truleg langt større innverknad enn det uttaket som skjer gjennom jakt.

Dei siste åra har det vore ein diskusjon mellom fagpersonar om dette. Det er frå enkelte synt til at effekta av jakt i enkelte områder ikkje er målbar og at det i praksis ikkje påverkar bestandsstørrelsen. Å skyte ei rype vil jo isolert sett gje ei negativ effekt, men det avgjerande er kor mange egg og kjuklingar som blir teke av rovdyr. Samstundes er det andre som meiner at jaktuttaket klart gjev målbar effekt. Effekta av jakt er truleg meir uheldig i dårlege rypeår.

Blant fagpersonane tilknytt hønsefuglportalen er det anbefalt at uttak må avgrensast til 15-30% av bestandsstørrelsen, og at jakta bør stoppast ved ei tettheit under 5 ryper/km<sup>2</sup>. For å få ut tal for bestandsstørrelse og ryper/km<sup>2</sup> må vi kjøre fullverdig linjetaksering og analyser etter avtandsmetodikkmodellen. Dette er meir ressurskrevjande og har til nå ikkje vore prioritert hjå oss.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Med bakgrunn i resultatet frå årets taksering, observasjoner og utviklingstrekk siste åra foreslår fjelloppsynet å frede for jakt etter lirype og fjellrype. Dette er eit inngripande tiltak som vedkjem mange, og for fjellrype kan diskuteras om det føreligg tilstrekkeleg grunnlag for å fatte eit slik vedtak. Særs uheldig er det for unge, nye jegerar, og rekrutteringsarbeidet elles, når dei nå får to år på rad med freding for rypejakt.

Jaktutøvinga i Norge har i lang tid vore tufta på prinsippet om at ein skal hauste av eit overskot. Dette bør ligge til grunn for all viltforvaltning - jaktrykket må over tid være berekraftig å spegle bestandstilhøva. Vi har sidan 2019 sett ein tydeleg nedgang i bestanden, dette er dokumentert både gjennom takseringsresultat og fangststatistikk. Dei siste åra har vi hatt strenge reguleringar, med både sterk avgrensing i tal jegerar og dagkvote så låg som ei rype pr. jeger sist sesong. Likevel ser vi klare tegn til at nedgangen held fram og for saksbehandlar blir det da vanskeleg å tilrå jakt på li- og fjellrype denne sesongen.

Situasjonen i tilliggande områder er dårleg, og bygger opp under resultatet hjå oss. Nedanfor følgjer ei oversikt over område og reglar for rypejakt hausten 2023.

*Skjåk allmenning- Totalfreding*

*Vågå Fjellstyre – Totalfreding*

*Lesja fjellstyre – Totalfreding*

*Dovre – Totalfreding*

*Øystre slidre – Ikkje klart enda*

*Vestre Slidre – Totalfreding*

*Luster – Totalfreding*

*Ringebu – Totalfreding*

*Øyer – Totalfreding*

*Fron – Totalfreding.*

### **Opplysninger og merknader:**

Fjellstyret kan etter fjellova §23, 3. ledd:

*«avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten. Fjellstyret kan og avgrense talet på dei som kan få høve til å drive fangst av småvilt, på dei som kan få høve til å drive jakt utan hund på småvilt og på dei som kan få løyve til å drive jakt med hund på slikt vilt. Ved eventuell avgrensing av talet på dei som kan få høve til slik jakt som nemnt i første stykket, må fjellstyret sjå til at det vert rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.»*

Før det blir gjort noko vedtak skal kommunen uttale seg. Er det usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Vedtak om innskrenking av jakta etter § 23 tredje ledd i fjellova tek til å gjelde ei veke etter at gyldig vedtak er fatta.

Saka skal, jf. § 7 i naturmangfoldlova, vurderast etter §8-12 i same lov.

Småviltbestandene har store naturlege svingingar. Forslaget til vedtak om freding av

## Møtebok – Lom fjellstyre

lirype- og fjellrype er lagt fram med bakgrunn i egne takseringsresultat, observasjoner elles, fellingstatistikk og takseringsresultat- og jaktstatistikk frå tilliggande områder. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg, og så godt som det innan rimelege grenser let seg gjere å legge fram (§8). Ein meiner at forslaget tek godt i vare føre var prinsippet (§9). §10-12 er og vurdert, og ein ser ikkje at forslaget kjem i konflikt med desse bestemmingane.

### **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre vedtek med heimel i fjelloven §23, tredje ledd, å frede for jakt etter li- og fjellrype i Smådalen, Vårdalen statsallmenning, Visdalen statsallmenning og Leir- og Bøverdalen statsallmenning jaktseasonen 2023/2024.

Ut ifrå takseringsresultat, observasjonar elles og takseringsresultat frå tilliggande områder finn ein ikkje at det er forsvarleg å opne for jakt.

Det blir opna for sal av treningskort for fuglehund, med krav til observasjonsrapportering for hund, frå 15. september etter desse prisane:

- Døgnkort – kr. 80,-
- Sesongkort – kr. 400,-